


Til
Utdannings- og
forskningsdepartementet



Eksternr.	Dok.nr.	
200307611	132	50

Dykkar referanse:

Vår referanse:
011/04-513

Dato:
2. februar 2004

Høyring - NOU 2003:25 Ny lov om universiteter og høyskoler

Høgre utdanning er eit statleg ansvar

Høgre utdanning er ein del av den nødvendige infrastrukturen eitkvart samfunn må ha, og det overordna politiske ansvaret for ein nasjonal utdanningspolitikk til gode for heile samfunnet må difor staten ha. Noregs Mållag meiner difor at staten bør vera ein tydeleg eigar av høgskular og universitet.

Noregs Mållag stør såleis mindretalet i Ryssdal-utvalet sitt syn om at høgre utdanningsinstitusjonar skal vera statlege forvaltingsorgan med særskilte fullmakter.

Å ha ansvaret for ein nasjonal utdanningspolitikk tyder også å ha medansvar for norsk språk. Ved den førre lovendinga for universitet og høgskular fall setninga om at undervisningsspråket til vanleg skulle vera norsk, bort, og i det noverande lovframlegget er ikkje språklege tilhøve nemnde i det heile. I det viktige og riktige arbeidet med å tilpasse og jamføre norsk høgre utdanning med utdanningssystem i resten av verda, er det avgjerande å ha eit sterkt fokus på språk. Både ved studentutveksling og styrking av framandspråklege studietilbod, men ikkje minst ved å styrkje og utvikle vårt eige språk. Universitets- og høgskulesektoren er ein av dei fremste arenaene for staten å syne sitt språkpolitiske ansvar på.

Noregs Mållag meiner at universitet og høgskular har eit stort ansvar for bruk og utvikling av norsk språk, og at dette ansvaret må nedfellast i den nye lova.

Venleg helsing
Noregs Mållag

Gro Morken Endresen
dagleg leiar

Snakk dialekt – skriv nynorsk!